



## **Arbeidsgruppe- lokalisering**

Møte: 7.12

Desse møtte:

- Astrid Eidsvik- prosjektleiar
- Liv Stette- Rådmann Ålesund
- Synnøve Vasstrand Synnes. Rådmann Ørskog
- Bente Glomset Vikhagen- Rådmann Skodje
- Turid Hanken- Rådmann Haram
- Hanne Tønning- Hovudtillitsvald
- Cecilie Sollied-
- Kristin H Breivik-

### **Arbeidsgruppa sitt mandat:**

Foreslå kvar ulike funksjonar og tenester skal vere lokalisert i nye Ålesund kommune.

Utarbeid forslag innan 1. februar med tilråding til framtidig organisering

### **Føringar:**

Intensjonsavtalen for nye Ålesund kommune legg ein del føringar for arbeidet med lokalisering

## **Dette skjedde i møtet:**

- Prosjektleiar gjekk gjennom føringane i intensjonsavtalen:

Gruppa skal ta omsyn til desse. Ein må i løpet av prosessen ta diskusjonar kring forståinga av dei ulike føringane, og i saka må vi vere tydeleg på korleis vi tenkjer at intensjonane i avtalen skal bli ivaretatt

- Gjennomgang av innspela til lokalisering frå alle styringsgruppene

Gruppene har kome med forslag som kan sjå ut som at framtidig lokalisering kan løysast på ein god måte.

Det vil bli laga ei oppsummering av dette så snart som råd slik at dette kan bli orientert om i dialogmøte med styringsgruppene 14. desember

**Kort oppsummering for kvart område:** ( Det vil bli utarbeida ei meir utfyllande oppsummering)

### Økonomi og verksemdsstyring

Ønsker lokalisering ved Ålesund rådhus for innkjøp, økonomiavdeling, avdeling for verksemdsstyring. Ad-hoc kontor er ønskeleg ved alle rådhus

Vurderer at Kemner for så vidt kan ha anna lokalisering, men bør liggje nær andre store statsetatar som er lokalisert i Ålesund.

Kemnerkontoret bør ligge i Ålesund sentrum.

### Personal og organisasjon

Ønsker lokalisering ved Ålesund for avdeling for lønn, personal og administrasjon, arbeidsgjevaravdeling og avd for org.utvikling. Bør ha ad-hoc kontor

Avdeling for bemanning og vikartenester og frikjøpte HTV og HTV kan vere lokalisert andre plassar

### Teknologi og digitalisering:

IT-2 linje brukarstøtte: Ålesund rådhus og utskoten base ved Skodje

Arkiv: Majoriteten oppmøte ved Dokumentsenteret, men med fleksible løysingar

### Plan , samfunn og næringsutvikling:

Har ikkje gjort vurderingar enno

### Helse og omsorg:

Kommunalsjef og fagstab ved Ålesund rådhus.

Tildelingskontor Ålesund, Moa, Skodje

Sjukeheim slik det er i dag, basar for heimetenester mulig endra grenser

Lokal legesenter oppretthaldt, arbeider med å lokalisere legevakt

Verksemd legetenester- Åse

Verksemd førebyggjande tenester: Hovudkontor i Ålesund

### Velferd og sysselsetting:

Diskuterer behov for endra struktur innanfor tilrettelagde bustadar der ein i tett dialog med innbyggjarane finn gode tilrettelagde løysingar.

Behov for å sjå på god eldreomsorg for psykisk utviklingshemma

Sentralkjøkken- behov for å utvide kapasitet- er kapasitet i andre kjøkken

Aktivisering/ sysselsetting- bør samlast i eit stort bygg, helst sentralt geografisk

Hjelpemiddelformidling- behov for å sentralisere. Ser på ledig lokale til teknisk hjelpemiddelservice i Blindheimsbreivika.

### Konklusjon:

Vidare oppsummering vert gjort i neste møte:

Skodje 4. januar 0830

Astrid avklarar overordna prinsipp allereie i dialogmøtet 14. desember:

Bente G Vikhagen

Ass Prosjektlear